

SLÅTTEKJELDER

Abraham Melvær, (1853 – 1916), Askvoll.

Musikken har levd ytst på kysten såvel såvel som i dalane i Sunnfjord. Frå øya Melvær i Askvoll kommune har ein slåttar etter Abraham Melvær. Han var ein god spelemann med fint spel og god dansetakt. Abraham Melvær spelte i mange bryllaup.

Han hadde lært mykje av spelemannen Knut Laukeland frå Atløy, litt lenger inn mot fastlandet. Frå Melvær reiste dei ein gong i året til Lærdal for å selje fisk, og kom nok der i kontakt med spelemenn i Sogn i tillegg til samkvemet dei hadde med Fjaler og Gaular.

Son hans, Alf Melvær, som dreiv som bonde og fiskar på Melvær, lærte slåttane av Abraham. Dette er ført vidare igjen av son til Alf, Audun Melvær, som er busett i Florø.



Anders Viken i samspel med dottera Alvhild Viken Øvrebo som er aktiv i spelemannslaget (Foto: Firda, 1968).

Anders Viken, (1898 – 1977), Jølster.

Anders Viken fekk tidleg interesse for felespel, og alt i 11-års alderen var han med og spelte i bryllaup. Faren, Ola Viken, spelte hardingfele, og av han fekk Anders lære dei gamle jølstraslåttane. Etter kvart vart det musikken som fanga all hans interesse. Han ville verte muskar, men faren sa nei. Det var ikkje rekna for noko gjevande yrke.

Etter eit år på Voss folkehøgskule og lærarskulen i Volda, vart han lærar i Jølster og arbeidde der til han gjekk av med pensjon. Attåt læreryrket og småbruket vart det tid til mykje musikk. Alt i 12 – 13-års alderen hadde han synt gode evner i å komponere. Etter kvart vart den tradisjonelle spelestilen for trong. Viken tok i bruk teknikk frå klassisk fiolinspel som vibrato og posisjonsspel med dobbeltgrep. Dette kom til å prege dei fleste av dei vel 450 slåttane og tonestykka han laga.

Anders Viken hadde naturleg anlegg for felespel. Sjølv det vanskelegaste verka lett og naturleg når han spelte det. Dette kom også til uttrykk i slåttane hans. Dei set store krav til utøvaren både fingerteknisk og i bogestrøka. Det er stor spennvidde i komposisjonane, frå mjuke tonestykke som «På gamle stølstuffer» til den høgtidssame «Jølstrabrura» og den viltre «Sinnataggen». I tillegg til gamaldansslåttane, tonestykka og brudeslåttane laga Viken om lag 50 springarar og hallingar.

Viken vart mykje nytta til speling i lyd og lag rundt om i bygdene, særleg då til underhaldning. Og folk sette stor pris på det han gav dei. Og når Anders Viken sin komposisjonar vert spelte i dag, kjem det gjerne ei eiga stemning i forsamingane.

Johannes Holsen, f. 1910, Viksdalen/Førde.

Johannes Holsen er fødd på Viksdalen i Gaular. Han flytte seinare til Førde der han driv som urmakar. Det meste av spelet sitt lærde han av far sin, Nikolai Holsen, som igjen hadde det etter sin far, Ludvig Holsen.

På Viksdalen var det rikt spelemannsmiljø i gamle dagar, og Johannes Holsen har teke vare på tradisjonane. Mange av slåttane hans har ein særmerkt dâm og stil som ber preg av å vere svært gammalt. Holsen har god takt og godt driv i spelet sitt og har difor vore mykje nytta til bryllaupsspelning.

Knut L. Sandal, (1915 – 1964), Jølster.

Knut L. Sandal frå Sandal i Jølster vaks opp med mykje musikk i heimen. Far hans, Ludvig Sandal, og fire av farbrørne hans spelte hardingfele. Dei var flinke spelemenn og spelte i bryllaup kvar for seg og stundom saman. Den som vart rekna for den beste av dei, var Nikolai Sandal.

Knut L. Sandal synt tidleg god gjevnad for musikk, og byrja tidleg å spele i bryllaup sjølv. Han hadde uvanleg god evne til å harmonisere (spele 2. stemme), gjerne til slåttar han ikkje hadde høyrte før.

Kappleik-speling var han med på berre eit par gonger. Han likte ikkje presset med å sitje på scena. Men i godt lag eller til dans spelte han om kapp med kven det var. Knut Sandal reiste til Bergen etter krigen der han dreiv som steinarbeidar all si tid. Men om somrane og ved høve elles kom han alltid til Jølster.

Moses Paulen,

(1893 – 1979), Jølster.

Spelemannen og komponisten Moses Paulen var eldstemann av seks brør som spelte fele. Musikken hadde ein sentral plass i familien og dei vart etter kvart svært etterspurde til speling i ulike samanhengar både einskildvis og to eller fleire saman. «Pauls-musikken» vart eit omgrep på våre kantar.

Det var Moses som dreiv det lengst, saman med brørne Adolf og Petter. I motsetning til dei fleste andre i Sunnfjord, nytta dei vanleg fele, slik det også har vore tradisjon i Breim, nabobygda i nord. Mykje av kontakten gjekk difor dit. Moses var i lære m.a. hos Anders Reed og lærte notar av Gabriel Reed. Ynskjemålet var å bli profesjonell muskar, men det var ikkje lett å få til på den tid. I dag kunne sikkert fleire av dei nådd langt i den retninga.

Sjølv utan utdanning hadde dei framifrå teknikk og meistra krevjande slåttar som få andre. Musikkgivnaden vart også nytta til å lage komposisjonar. Mange av desse har vorte svært omtykte. Moses var den mest produktive og laga nærmare hundre slåttar



Moses Paulen.

SPELE- MANN- LAGET

Indre Sunnfjord spelemannslag vart skipa 27. desember 1968. Første formannen i laget var John Grov frå Førde. Det gjekk ikkje lang tid før spelemannslaget fekk første oppdraget til speling offentleg og sidan har aktiviteten auka jamt og sikkert. Dei siste åra har laget i gjennomsnitt vore samla i ulike samanhengar kring 60 gonger i året.

Heilt sidan starten har Indre Sunnfjord spelemannslag satsa på årlege kurs i tillegg til øvingane. Den som har vore nytta flest gonger, er Lars Skjervheim frå Voss. Han har tilført laget og einskildutøvarar mykje slåttekunne og teknikk og har alltid vore ein inspirerande læremeister. Av andre instruktørar utanfrå kan ein nemne Torleiv Bolstad, Leiv Rygg og Knut Hamre.

Gjennom spelemannslaget har det vore utvikla fleire kurs for nybyrjarar. Det har vore god rekruttering og etter interessa å døme kunne sikkert mange fleire tenkt seg å vere med. «Politikken» har vore at alle er velkomne anten dei har spelt mykje eller lite. Sjølv om kvar einskild satsar på å bli betre, er det ikkje noko elitedyrking. Det er glæda ved musikken og samling i eit triveleg miljø som er drivkrafta og målet.

Spelemannslaget skal etter vedtektene ta vare på tradisjonane både innan spel, song og dans. Dei siste åra har ikkje minst folkeleg song-

Sigmund Eikås, f. 1947, Jølster.

Den musikalske leiaren i Indre Sunnfjord spelemannslag, Sigmund Eikås, har stått sentralt i spelemannsarbeidet heilt frå laget vart skipa. Han kom med i styret frå starten, og er framleis styremedlem. Frå 1973 til 1980 var han formann. Sigmund Eikås er i dag formann i Sogn og Fjordane folkemusikklag.


Eikås har vore den store drivkrafta både organisatorisk og som musikalsk leiar. Utan han ville det neppe ha vore noko plateutgjeving. Som instruktør har Eikås vore mykje etterspurd og nytta også andre stader i fylket og på Sunnmøre.

Eikås var sjølv lærer på hardingfela heilt til 20-års alderen. Han var deretter ei tid hos Sigbjørn Bernhoft Osa på Voss. Den han har lært mest av når det gjeld slåttar og impulsar elles er Lars Skjervheim. Eikås spelte seg opp i A-klassen i 1971 og har sidan oppnådd ei rekkje 1. premiar på Landskappleikar. Han har vunne Vestlands- og fylkeskappleikar. Få spelemenn har vore meir ettertrakta av kappleiksdansarar.

Sigmund Eikås er bonde av yrke. Han har m.a. drive mykje med nydyrking. Det vert sagt at dette er vanskeleg å kombinere med ynskjet om ledige spelemannsfingrar. Dette er likevel ikkje største problemet. Vansken er å få tid å øve sjølv. Han er stadig på farten med kurs i tillegg til øvingane i laget. Ofte er interesserte også på vitjing hos han for å lære. Såleis er det mange som kan takke Sigmund for framgang og utvikling i spelet.

Dagfinn D. Aamot, f. 1907, Jølster.

Dagfinn D. Aamot, frå Stardalen i Jølster, er veteranen i Indre Sunnfjord spelemannslag.



Opptog under Førdeveka med spelemenn frå Indre Sunnfjord spelemannslag.

tradisjon fått eit oppsving. Når ein er ute på konsertar blir mange overraske over å høyre eit spelemannslag som syng. Men det har vorte godt motteke og i laget har ein stor glede av å kunne bruke stemma også på denne måten.

Folkemusikken har rike tradisjonar i Sunnfjord. Med denne plata vil vi presentere noko av dette. Samtidig ynskjer vi å formidle noko av det ein driv med i Indre Sunnfjord spelemannslag. Kanskje dette gjev meirsmak for dei som trur at gamaldans og springarar er einerådande? Folkemusikken inneheld mange «perler» som burde ha appell til eit stort publikum berre ein «låner øyre» og lyttar. Men det er også lovleg å svinge seg.



Dagfinn D. Aamot.

Men alderen verkar slett ikkje som noko hindring på aktiviteten. Han møter flittig fram på øvingane sjølv om han må køyre 85 km tur/retur kvar gong. Og på dei mange oppdrag av ymse slag, kappleikar osv. som spelemannslaget deltek i, er Dagfinn med til siste slutt. Han har sjølv mange premiar på kappleik.

Han er den einskildkjelda laget har lært flest slåttar av. Dette gjeld helst runddansmelodiar. Dei dansa flittig i Stardalen i hans oppvekst og ungdomsår. Far hans stilte stova si til disposisjon og Dagfinn fekk felemusikken inn som «voggegåve». Han lærte å traktere fela på eiga hand og byrja etter kvart å spele til dans.

Dagfinn Aamot har vore borti mangt gjennom eit langt liv. I mange år fram til han gjekk av med pensjon var han landpostbod. I ungdomsåra gjekk han underoffisersskulen og befalskulen og var fenrik i mobiliseringsstyrken den dagen krigen braut ut. Han har vore ein kjend breførar i distriktet og er framleis å treffe langt til fjells, om han då ikkje er ute på speling.

*** SIDE A ***

1 Kom lat oss reise/Rote Knut (Halling).

Visa har vi lært etter opptak av Anna Karina Stang frå Askvoll, gjort av Gunnar Stubseid i 1973. Ho lærte visa av bestefar sin, Kristian B. Stubseid rundt 1907. Visa er brukt som barnevis, men kan og reknast som slåttestev. Vi har arrangert visa litt med «spørsmål og svar» og to stemmer.

Visa går i hallingtakt og vi har kopla ho saman med hallingen «Rote-Knut» etter Abraham Melvær, Askvoll. Slåtten som vart nedteikna av Arne Bjørndal i 1935, er ein variant av «Rotnheims-Knut». Alf Melvær lærde slåtten av far sin som igjen hadde han etter Knut Laukeland i Askvoll.

«Rotnheims-Knut» var brukt over heile Sunnfjord alt på 1800-talet. Arne Bjørndal har slåtten nedteikna i fleire ulike variantar.

Song/hardingfeler: **Heile laget.**

*Kom lat oss reise til Hallingedala,
hei, hå, Hallingedala.
Dar skal me vere i fire måna,
hei, hå, i fire måna.
Alt me eige, skråna på tåna,
hei, hå, skråna på tåna.
Sia ska me gjere både tigge og låna,
hei, hå, tigge og låna.
måna = månader
skrå = sko*

2 Springar frå Jølster.

Denne springaren er etter Anders Viken. Han hadde lært slåtten av far sin, Ola Viken, som hadde mange slåttar etter Hans Sakkariassen Skei og Anders Nilsen Øvrebø.

Dei gamle springarane veksla ofte mellom to-delt og tredelt takt, noko Anders Viken ikkje fann heilt rimeleg. Men dei gamle slåttane ville han helst ikkje endre noko på. «Denne er den einaste eg har fiksa litt på», sa han.

Hardingfeler: **Heile laget.**

3 Frå måneskin til snødrev (reinlendar).

Vi har lært slåtten av eldstemann i laget, Dagfinn D. Aamot, som har reinlendaren i tradisjon frå Stardalen i Jølster. Det hende av og til at dei dansa på isen vinterkveldane. Det kunne vel vere litt kaldt, men «dansegolvet» var i alle høve slett. For å gjere det mindre glatt strødde dei oske på isen.

Namnet på slåtten er knytt saman til ei hending ein kveld på isen. Det var fint måneskin, men brått slo det om til snø og vind. Dermed måtte dansen slutte.

Spel: **Heile laget.**

4 Sommarkveld (vals).

Denne er ein mykje omtykt vals laga av spelemannen Moses Paulen frå Jølster. På ein stemningsfull plass, like ved tunet i Paulen, med godt utsyn over den vakre naturen sat Moses ofte og spelte og komponerte. Såleis også ein fin sommarkveld i 1946 då denne valsen vart til.

Spel: **Heile laget.**

5 Han sat under bjørkja.

Denne er ei vise etter lærar Johan Kandal (f. 1902) frå Breim i Nordfjord. Visa har eit klassisk tema: den sviktande kjærleiken. Jostein Aardal er sjølv frå Breim, og har såleis ført tradisjonsstoff frå sitt eige distrikt til Sunnfjord. Visa er lært gjennom Elin Grytting som har drive med innsamlingsarbeid av folkemusikk i Nordfjord.

Song: **Jostein Aardal.**

*Han sat under bjørkja, han sat på ein stein.
Han tykte ho Guri ho var noko sein.
Ka e det ho fer med so lengje i kveld?
Eg trur eg lyte vente, for ho kjeme vel tell.*

*Men om ho ikkje sku svara meg ja,
og om ho han Anders i Osen vil ha.
Ja, om ho meg nektar eg seie for visst:
Dei finne meg hangande her i ein kvist.*

6 Litje guten låg ute i myrine og gret.

Ei vise etter Samuel Sandnes frå Jølster, lært frå lydopptak ved Arne Bjørndal i 1955. Visa er frå den tida då stølslivet hadde sin naturlege plass på bygdene. Opphaveleg er det vel ei barnevis, men Bjørndal har klassifisert det som kjærleiksvise i sine oppteikningar.

Arr. & song: **Jostein Aardal, Hilde Bjørkum.**

*Litje guten låg ute i myrine og gret,
jomfrua spør ette ka ille so let.
/: Eg har mo te få gå oppå støylen te deg :/
eg veit ikkje om eg ska tore.
Å kom du gjerne på støylen te meg,
du litje gu'mann, du har inga skam.
Du ska ingjen fåre have.*

*Litje guten låg ute i myrine og gret,
jomfrua spør ette ka ille so let.
/: Eg har mo te få gå inni selet te deg :/
eg veit ikkje om eg ska tore.
Å kom du gjerne inni selet te meg,
du litje gu'mann, du har inga skam,
du skal ingjen fåre have.*

*Litje guten låg ute i myrine og gret,
jomfrua spør ette ka ille so let.
/: Eg har mo te få gå oppi sengja te deg :/
eg veit ikkje om eg ska tore.
Nå kom no gjerne oppi sengja te meg,
du litje gu'mann, du har inga skam,
du ska ingjen fåre have.*

*myrine = myra
mo = lyst, hug*

7 Ka ska eg ha på min bryllaupsdag.

Denne er eit velkjent slåttestev som finst i mange variantar både i Sunnfjord og andre stader. Vi har lært denne versjonen etter eit lydopptak med Albert Joleik, Eikefjord/Naustdal. Opptaket vart gjort av Arne Bjørndal i 1958.

Arr.: **Hilde Bjørkum.**

Song: **Heile laget.**

Spel: **Arvid Hjellbrekke** (trekkspel), **Egil Svindal** (bass), **Joar Solheim** (gitar).

*Ka ska eg ha på min bryllaupsdag
hei sjung falllira, hei sjung falllira
to gongje juling og ein gong mat
hei sjung faddiraddi-raddi ralla*

*Ka ska vi seie når presten spør
hei sjung falllira, hei sjung falllira
om vi ha elska kverandre før
hei sjung faddiraddi-raddi ralla*

*Då ska vi seie so sanninga er
hei sjung falllira, hei sjung falllira
at vi ha elska nåken kver
hei sjung faddiraddi-raddi ralla*

8 Springar etter Holsen.

Denne springaren har vi etter Johannes Holsen frå Viksdalen som busette seg i Førde. Han har lært slåtten av far sin, Nikolai Holsen, som igjen hadde det etter sin far, Ludvig Holsen. Slåtten vert spelt noko annleis no enn han var i tradisjon, mellom anna er siste veket kome til seinare.

Hardingfeler: **Heile laget.**

9 Parisarpolka.

Denne slåtten har truleg sitt utspring i Jostedalen i Sogn. Rune Lotsberg som er frå Lote i

N
f
S

1
S
D
J
L
r
p
h
S

1
J
s
h
d
n
g
s
n
a
V
n
A
S
f
N
J
S
V
S

2
I
J
S
t
s
t
b
k
F
F

3
I
u
v
h
a
F
S

4
L
(
1:
n
n
fi
S

5
S
n
n
fi
t
g
b
d
S

6
I

Nordfjord har lært slåtten av Arne M. Sølvsberg frå Blaksæter i Stryn kommune.

Spel: **Heile laget m/Rune Lotsberg på toradar.**

10 Springpolka etter Åmoten.

Som mange andre har vi denne etter Dagfinn D. Aamot med sin tradisjon frå Stardalen i Jølster. Slåtten er kjend frå mange stader i landet i ulike variantar. Springpolka vart mykje dansa før. Den vart også kalla «Sluskepolka». Denne nemninga har kanskje sitt opphav i at dansen kom med «anleggssluskar».

Spel: **Heile laget.**

*** SIDE B ***

1 Tale ved Kleng Spelemanns grav.

Jakob Sande har skrive teksten til denne visa som er tonesett av jølstringen Edvin Helgheim. Sande si medkjensle med folk som vart dømde av dei etablerte og vellukka i samfunnet, kjem tydeleg fram. Spelemannen vart gjerne sverta. Sjølv om haldningane har endra seg mykje, er det grunn til å minnast dei som medverka til at vi i dag har rike kjelder å ause av innan folkemusikk.

Visa vert framført av visegruppa i spelemannslaget: **Rune Lotsberg** (trekkspel, song), **Asbjørg Nystøyl Lotsberg** (gitar, song), **Egil Svidal** (bass, song), **Arnfinn Solheim** (hardingfele, song) **Else Reksten** (song), **Anne Marie Mjellem** (song), **Målfrid Hjellbrekke** (song), **Joar Solheim** (song, deklamasjon), **Gudmund Solheim** (song), **Hilde Bjørkum** (song). Arr.: Visegruppa.

Songtekst: *Sjå omtale av Jakob Sande.*

2 Jølstring (springar i udelt takt).

Denne springaren har vi etter Knut L. Sandal, Jølster. Hans kjelde var farbroren, Nikolai Sandal. Slåtten er ein springar som går i todelt takt eller kanskje rettare i udelt takt. Mange slåttar kunne veksle mellom todelt og tredelt takt før. Men desse kom for det meste ut av bruk då «nyespringaren» i tredelt dansetakt kom til.

Følestyle D-A-D-G

Hardingfele: **Sigmund Eikås.**

3 Professorvalsen.

Denne slåtten har vi lært av Ludvig Eikaas, utflytt jølstring som no bur i Oslo. Han har lært valsen av ein nordfjording. Slåtten har vorte heitande Professorvalsen, avdi Ludvig Eikaas akkurat då vart utnemnd til professor ved Kunstakademiet i Oslo.

Spel: **Heile laget.**

4 Georgen (reinlendar).

Denne reinlendaren har vi lært av Georg Vie (f. 1934) frå Førde. Han var med i laget fram til 1980 og vi har fleire slåttar som han har kome med. Denne reinlendaren er rekonstruert etter minne slik Georg hugsar ein nabo, Harald Nybø frå Lavik, spelte då han var liten.

Spel: **Heile laget.**

5 Hamborgar etter Brufloten.

Sigurd Bruflot (f. 1898) frå Naustdal var aktivt med i laget frå starten og fram til 1980. Spelemannslaget har fleire slåttar etter han. Bruflot har denne hamborgaren i tradisjon. Slåtten er kjend også andre stader. Bruflot likte godt å spele hamborgar, og med dei knappe bogestrøka han brukte, fekk han ein snert som dansarane viste å setje pris på.

Spel: **Heile laget.**

6 Reinlendar.

Denne er ein reinlendar som nok blir brukt i

fleire distrikt i ulike variantar. Rune Lotsberg har lært slåtten av Arne M. Sølvsberg frå Blaksæter. Han har denne igjen frå Ottadalen.

Spel: **Rune Lotsberg** (toradar), **Arvid Hjellbrekke** (trekkspel), **Joar Solheim** (gitar), **Egil Svidal** (bass).

7 Parisarpolka etter Bendsen.

Dagfinn D. Aamot lærde slåtten av Andreas Nedrebø som hadde han etter far sin, Johannes Nedrebø. Andreas Nedrebø, kalla «Bendsen», spelte for det meste runddans. Han hadde eit kraftig spel med ein eggjande driv.

Spel: **Heile laget.**

8 Dar låg ein mann opp i garda.

Denne barnevisa lærte Anna Karina Stang av bestefaren, Kristian B. Stubseid, då ho var småjente. Mellomslenget og etterselngnet i songen har ord som vi finn att i andre viser også frå andre kantar av landet. Språket kan òg tyda på at visa eller delar av henne har vore på vandring: Sjølve verset vert sunge på dialekt, medan mellom- og ettersleng har dansk-norsk målform. Både denne visa og Kom lag oss reise til Hallingedala er prenta i «Tippe tippe tue, folkeviser etter Anna Stang ved Gunnar Stubseid». (Norsk Folkeminnelag (1980).

Hardingfele: **Sigmund Eikås.**

Song: **Hilde Bjørkum.**

Arr.: **S. Eikås, H. Bjørkum**

*Dar låg ein mann opp i garda og skaut seg ein røve.
Skruru-rompomrei,
for at hjelpe mig,
for at Trintom ligger i Trararei.
Og da må du tru var røve som var god,
han ruska i ro, han trilla i to,
for at Trintom ligger i Trararo.*

*Tå augo da gjorde dei kikerta to.
Skruru-rompomrei,
for at hjelpe mig,
for at Trintom ligger i Trararei.
Og da må du tru var kikert som var god,
han ruska i ro, han trilla i to,
for at Trintom ligger i Trararo.*

*Tå rompene gjorde dei sopla to.
Skruru-rompomrei,
for at hjelpe mig,
for at Trintom ligger i trararei.
Og da må du tru var sopla som var god,
dei ruska i ro, dei trilla i to,
for at Trintom ligger i Trararo.*

*da = det
røve = rev
sopla = sopolimar*

9 Stillelåt.

Denne slåtten er etter Anders Viken. Han hadde lært slåtten av sambygdingen Knut Ripe. Stillelåt vart brukt i bryllaup når dei pynta brura. Då skulle det vere stilt og roleg i bryllaupsgarden. Slåttane var høgtidssame og litt vemodige.

Hardingfele: **Sigmund Eikås.**

10 Gå-låt (Bruremarsj).

Anders Viken laga denne slåtten i 1970. Mot slutten av 1960-åra vart det skipa fleire spelemannslag i Sunnfjord. Men få av utøvarane hadde god nok teknikk til å spele «Vikenslåttar» avdi dei gjekk «for høgt» (3. og 4. posisjon). Dette sette ny fart i skapartrongen til Anders Viken. Han laga mange slåttar som heldt seg i 1. posisjon, og dei var lettare å meistre. «Desse må de no vel klare», sa han. Son hans, Arne Viken, har arrangert det for to feler.

Hardingfeler: **Knut M. Sandal/Terje Rune Vie.**

SPELTRADISJONAR.

Det eldste vi kjenner til om folkemusikk i Sunnfjord er frå første halvdel av 1600-talet. Christen Jenssøn som var prest i Askvoll, gav i 1694 ut ei «ordbok». Han skildra folkelivet på den tid og nemner m.a. dei instrumenta som var brukte. Det var munnharpe, belgpipe, sefran, («et spill med mange strenge»), haargie («kaldis en Bondeføyle»). Kva slags låt det var og korleis musikken var frå denne «Bondefela» veit ein ikkje.

Første spelemannen ein kan namngje, er Spele-Nils. Han var fødd i Nordfjord (1697), men kom tidleg til Ålhus i Jølster og budde der til han døydde i 1756. Av andre vi kjenner til var Mads Lundekvam i Gaular frå først på 1700-talet. «Kvernhusbakken» vart han kalla til vanleg. Lundekvam spelte hardingfele og var mest kjend for å ha spelt i ei likvake til ei småjente han mista.

Elles må vi nemne Jostein Kleppstølen (1747 — 1823) frå Naustdal, også kalla Spel-Jostein, Paal Fonn (1803 — 1881) og Samuel Dvergsdal (1807 — 1880), begge frå Jølster. Alle desse var blant dei fremste på den tid. Det same galdt Øystein Bratteteig (1825 — 1892) og Ludvig Holsen (1830 — 1892), begge frå Viksdalen i Gaular.

Paal Fonn var mykje i Bergen, Sogn, og Nordfjord, og på Sunnmøre og lærte spel der. Holsen var «skreppehandlar» og bytte nok mange slåttar på sine handelsreiser.



Anders Stedje (t.v.) og Gunnar Lundekvam.
(Foto: Joh. v.d. Fehr, Bergen. Utsnitt).

På 1800-talet vart det nytta instrument som langlur, kortlur, bukkehorn, seljefløyte, munnharpe og langeleik. Men det var hardingfela som dominerte. Tromme var også brukt i lag med fela, og då helst i bryllaup. Med mykje folk på dansgolvet kunne det vere vanskeleg å høyre spelet gjennom alt ståket. Men om tromma var med høyrde ein i alle fall takta. Somme stader vart det brukt noko dei kalla «trapparar». Det var ein eller fleire karar som sat ved sida av spelemannen og trampa takta. Med hæljar under skoa gav det lyd som høyrdest.

I bryllaup hadde spelemannen nok å gjere. Han måtte kunne alle dei slåttane som høyrde til dei ulike seremoniane, heilt frå velkomstslått bryllaupsafta til reisetonar tredje bryllaupsdagen. Først når ein var komen så langt vart ein rekna for retteleg spelemann.

Dei beste hadde ikkje så ratt lite innkome av bryllaupsspelet. Presten Borchrevich sa ein gong til Johan Hestebeit (1845 — 1913) i Viksdalen at han måtte slutte å spele. Det var synd både med spelet og fela. «Ja», svara Hestebeit, «da e no levebrøde mitt — plent slik so preikinga er presten sitt». Dermed vart presten svar skuldig.



Ludvig Holsen (Foto: Biletsamlinga UBB).

Ein av dei som spelte i flest bryllaup var Gunnar Lundekvam (1820 — 1912) frå Gaular. Han skal ha vore spelemann i over 700 bryllaup. Han hadde eit fengande og dâmrikt spel og med sær god tone i fela.

«Da e gale te å fingra, men da e verre å føre bogjen», skal han ha sagt. Lundekvam var blant dei beste hardingfelespelarane på Vestlandet. På kappleiken til Vestmannalaget i Bergen i 1896 vart Gunnar Lundekvam nr. 2, etter Sjur Helgeland. I «Folkebladet» 1896 nr. 18 er det ei livfull skildring frå kappleiken. Det står mellom anna:

«So kom spelemenn fram. Alle vart vel fagna. Men daa Sjur Helgeland og den 81 år gamle Lundekvamen hadde spela, daa braka det laust med klapping og fagnadsrop so salen stod i eitt vêr. På fremste benk sat Edvard Grieg. Han gledde seg inderleg yver at dei gamle norske slaattane kom til heider og ære att. Og det same gjorde alle som hadde noko vit på det.»

Anders Stedje (1838 — 1910) frå Fjaler var fjerdemann som fekk premie på denne kappleiken. Så sunnfjordingane sin musikk vart vel motteken.

Slåttane var ofte korte, gjerne med berre to vek. Men det var godt driv i dansespelet. Det var bruksmusikk. Dei skulle setje folk i den rette stemning. Lyarslåttane hadde gjerne ein annan dâm. Stillelåt som vart brukt i Jølster i samband med pynting av brura, kunne gå i moll. Dei mange ulike felestilane som vart nytta, var også med på å setje farge på slåttane.

«Når dei ikkje spela slik at eg kjende da i barmen, vyrdest eg ikkje noke på da» var det ein som sa. Paal Fonn sa det slik: «Når du spela ska du faa da te nett so du sete å søje (fortel). Då fyrst bejønne da å verte spel.»

Bergen var den store handelsstaden for Sunnfjord. Og sidan ein hadde hardingfela felles med distrikta sørom, gjekk det meste av musikkamkvemet også i den retning. Mange spelemenn reiste til Vik og Lærdal på marknad for å byte slåttar. Såleis kom m.a. «Rekveen», «Storren», «Hildalen», «Rotnheims-Knut», «Eg er liten eg», «Nordfjorden» og mange fleire, alt i bruk her på 1800-talet.

Trass i at pietismen i åra 1870 — 90 reiv bort ein del av den folkelege song- og musikktradisjonen, var det mykje som var att og som levde vidare. Gunnar Lundekvam hadde mange i lære hos seg. Blant desse var Ola Nos (1849 — 1923) frå Gaular, og Johannes Nedrebø (1854 — 1934) frå Jølster. Begge hadde stor slåttekunne og lærte dette vidare igjen til andre i sine bygdelag.

I tillegg til alt vi kan få frå dei kjeldene som lever i dag, er det samla inn eit rikt materiale som er å finne i arkiv. Chatarinus Elling og Arne Bjørndal samla fleire hundre slåttar og songar frå Sunnfjord.

DANSETRADISJONAR.

Dei eldste dansane vi kjenner til er springar og halling. Alt på 1600-talet hadde dei ein springar som vart kalla «Frampå». Elles vart det dansa «Sjuspringar» og «Langedansen» — også kalla «Endeløysa». Rull var lite brukt i gamal tid.

I eldre tider vart det dansa springar der musikken kunne gå i todelt takt, eller veksle mellom todelt og tredelt takt. Den jamne dansetakta dei brukte gjer at ein må rekne det som udelt takt. Dansen vart heilt naturleg sjølv om musikken veksla. Dansen vart mange stader kalla for «Jølstring» — eller gjerne berre «springar». Sunnfjord og områda sørover Vestlandet hadde same dansetakt, men kanskje med litt raskare tempo her.

Parhalling, der gut og jente dansa saman, var også brukt. Den kan samanliknast med Aust-Noreg sin gangar, men med eit livlegare preg som til dømes at gut og jente «kruka». Både «Jølstring» og parhalling er det gjort fleire filmopptak av i den seinare tid.

Halling (laus) var her, som elles i landet, brukt for å syne kva kar ein var. Då presten Erik Olsen kom til Jølster i 1864 baud han til gjestebod etter dugnad med køyring av flyttelasset frå båten i Førde. Ein av køyrekarane, Anders Øvrebø, var god til å danse halling, og presten ville sjå kva han kunne. Broren, Rasmus Øvrebø, spelte hardingfele. Presten var vel nøgd med dansen og betalte ein halv dalar pluss ein dram for dette.

Frå 1880-åra og utover kom vals, reinlendar, parisarpolka, springpolka, og hamborgar i bruk. Dei vart fort populære og tok meir og meir over i høve til bygdedansane. Berre ein-skilde stader vart dei gamle dansane haldne i hevd. I 1920-åra skipa ungdomslaga til kurs i bygdedans, også Vestlandsspringar. Men denne springaren fekk ikkje noko fotfeste her. Det vart sunnfjordspringar i form etter Ingolv Iversen i Holmedal som vann fram.

I den siste tida er det hælde ein god del kurs. Springaren etter Iversen vert dansa over det meste av Sunnfjord. I Jølster er det hovudsakleg Jølstraspringar som vert brukt. Han går tilliks med sunnfjordspringar etter tredelt takt og er såleis ikkje det same som «Jølstring». Eldre folk snakkar om «gamlespringaren» og «nyespringaren».



Johannes B. Nedrebo (Foto: Biletsamlinga UBB).

Rull som var lite brukt i gamal tid, vert no dansa over heile Sunnfjord. Halling er det færre som vågar seg på. Av gamaldansane har hamborgar teke seg sterkt oppatt etter at dansen i mange år var lite nytta.

GJENNOM SUNNFJORD MED FELESTOKK OG NOTEBLOKK.

Det er — so vidt eg minnest — tredje ferdi inn gjennom Sunnfjord, dette. Eg hev fare frå ytste kanskje til øvste dalbotnane, reke langs fjordane og tråva yver fjell; slite meg frå grend til grend, i rok og fok, vassbløyta og myrker ofte mest åtgadd av strev og møda.

....

At spel og song hev gamle røter i folkehugen og folkelivet i Sunnfjord vert ein granskar på dette kulturområdet snart yvertydd um. Etter måten hev dette bygdelaget havt mange gjøve spelemenner og folkesongarar. Dei gamle veitsleskikkane var ein grornem jordbotn ikkje berre for slåttar og stev, men også for visor og tonar, skjem og ålvor. Spelemennene måtte kunna alle tradisjonsbundne brudlaupsslåttar og kjømeistrane likeeins sine festlege brudlaupsvisor og brudevers. Alt dette hev halde seg merkeleg reint og ubrigda i Sunnfjord radi til dei seinaste 15 — 20 år. Eldre folk hev det heile friskt i minne. Og skattegravaren finn ofte meir enn han tore venta.

....

Når det gjeld slåttane i Sunnfjord er dei gjerne noko stutte, men rytmisk, karakteristisk og tonefriske; stundom naive, men jamt friskdæmde og humorfyllte. Dei hev jamust ein egte gamalvoren svip, som syner at spelmenne hev vore noko konservativ når det galdt å byggja vidare på det gamle tilfanget.

Skjemtevisone kann stundom vera komisk morosame og spottande glade. Men på den andre sida kjem dei varme og audmjuke religiøse folketonane med sitt djupe ålvor og si bergfaste øvevon.

Underløgt var det difor heller ikkje at Chatarrinus Elling fann mykje av sitt beste tilfang her. Og underskrivne hev likeeins funne mange verdfulle tonar og slåttar i desse fjordar og dalar.


....

Sunnfjordingane er både framtøke, glogge og gåverike folk. Dei er gjerne litt «atknappa», stundom litt seine i snuen, kanskje. Men vert ein fyrst retteleg kjend med lynde og lag, livsyn og tenkjemåte, hev ein både hugnad og lærdom av å tala og ordskiftast med dei. Den nedervde kulturen held enno fast tuk i det eldre øttled; det er so tradisjonstrygt og bonde-traust det heile. Og serleg når det ber uppetter dalane finn ein framleis mangt på den gamle gjerdi.

....

Når det gjeld folkekunsten kunde ei mengd namn nemnast. Og av spelkunstnarar nemner eg namn som Gunnar Lundekvam, Anders Steie, Klemet Espeset, Pål Fonn, Abraham Melvær, Ola Viken, Søren i Gjerde, Spel-Øystein, Dankert Bostnem og mange fleire. Og av nolvande eldre Johs. Nedrebo, Edvard Brændehaug og Bertel Rasmussen (Haugen), som no bur i Bergen. Av unge lovande spelemenner må i fyrste rekkja nemnast Torfinn Litlehé og Anders Viken. Arne Rivedal, Ingolf Vindheim, Nils Furnes og sume andre.

SONGKJELDER



Albert Joleik (Foto: Biletsamlinga Sunnfjord Museum).

Albert Joleik,
(1880 – 1968), Eikefjord/Naustdal.

Bladmannen og sogeskrivaren Albert Joleik kjem opprinneleg frå Eikefjord i Flora kommune. Han tok filologisk embetseksamen og arbeidde i kortare tid ved lærarskulane i Levanger og på Stord. I sitt mangslungne liv var Joleik m.a. skatteoppkrevjar og landmålar for den belgiske stat i Kongo.

Han gav nokre år ut sitt eige blad, «Spegjelen», i Trondheim, sidan var Joleik ca. 10 år i «Gula Tidend», ein del av dette som redaktør. Frå 1923 til 1940 gav han ut sitt eige blad, «Fjordaposten», i Bergen. Då krigen kom, busette han seg på fjellgarden Kleppstølen i Naustdal.

Etter krigen heldt han seg mykje i Bergen der han granska i statsarkivet. Han har skrivne Sunnfjordsoga i to bind og bygdesoger for fleire kommunar. Dette dreiv Joleik heilt til sitt siste år.

Han var ivrig målmann og elles ein uredt stridsmann på ymse område. Joleik var ein særmerkt person som det går fråseg og mange historier om. Han var ungdomleg både i kropp og sinn sjølv på sine eldre dagar. I bygdelaga i Bergen var han fast på dansar o.l. I det heile hadde Joleik stor interesse av tradisjonar og historie.

SONGTRADISJON I SUNNFJORD.

Frå gamal tid har vi få eller ingen opplysningar om songtradisjonen i Sunnfjord. Men det ligg likevel nær å tru at den vokale folkemusikken levde i beste velgåande i alle bygdelag. Her — som andre stader — var songen ein viktig del av folk sitt daglegliv både i kvardag og fest. Ja, songen var nok så innarbeidd som naturleg del av alle slag gjeremål at songarar vanlegvis var lite påakta. Utøvarane var ikkje sett på som noko særskilt.

Som andre stader i landet hadde ein faste songar og stev i ulike samanhengar, t.d. på stølen, i bryllaup, i gravferd, ved vogga o.s.b. Men songane vart og ofte nytta i andre høve enn dei var tiltenkte, t.d. vart slåttestev og gjetarviser ofte sungne og tralla til ungene om kvelden. Etter kvart som samfunnet endra seg, fall dei naturlege rammene for nokre av songtypane bort, (t.d. lokkar og setervisar). Mange av desse songane er gått i gløymeboka, men nokre har blitt tekne vare på ved at dei vert brukte som t.d. barneviser.

Den religiøse rørsla stod og står sterkt mange stader i Sunnfjord-bygdene. I den mest pietetiske tida (ca. 1870 — 90) kom nok bort mange slag viser og vers saman med mange av dei «syndens» feleslåttane som vart nytta til dans. Men dei religiøse tonane hadde ei oppblomstring i denne tida.

Mange av dei gamle religiøse tonane fall likevel ut etterkvart som orgelet kom i bruk i kyrkja, og det er ikkje alle stader like lett å finna nokon som meistrar den gamle toneføringa lenger. Med bedehusmiljøet kom det og ein ny type religiøs songstil både når det galdt tekstinnhald og toneføring.

Det er få songarar som er nemnde med namn i dei eldste skrivne kjeldene vi har. På 1800-talet er det helst namn på kjømeistrar vi finn, og kjømeistartradisjonen har då òg stått sterkt i sunnfjordbygdene heilt fram til våre dagar.

Av kjømeistrar som verka på 1800-talet kan vi nemne Søren Nes (1855 — 1925) frå Gaular og Rognald Øvrebø (1820 — 1903) frå Jølster. Søren Nes skulle vere særsvær til å syngje «Alle er no døde». Om denne songen kunne høve i bryllaupa i dei dagar, skal vera usagt.

Songane har gjerne eit religiøst innhald og

mange har eit stivt og oppstylt språk. Ei av oppgåvene var å skjenke på «skåladagen». Det hende nok at kjømeistaren sjølv kunne få ein dram for mykje. Ein kjømeistar i Jølster knuste ein gong mest «ti glas i eitt renne», vert det fortalt. Men elles måtte dei stort sett halde seg klåre, skulle dei greie å skjotte alle gjere-måla dei hadde i bryllaup.

Både i bryllaup og anna lag, også i likvakerne (!) var det dans og spel. Nokre likvaker var tunge og alvorsame, og dei gamle song heile natta. Men somme tider kunne ungdomen driva med kortspel. Dei spelte på kisteloket så det small, vert det fortalt, eller dei dansa og spelte til liket fekk nok og rymde på dør!

Ein finn elles eit rikt utval av små stubbar og stev til danseslåttane som vart brukte. Dansarane kunne ofte tralle heile slåttane. Ingeborg Holsen frå Løset i Jølster (d. 1876) var flink til å spele munnharpe og syngje, og ho lærde spelemannen Ludvik Holsen mange slåttar.

Tema frå både voggeviser og religiøse folketonar kan ein finne att som motiv i feleslåttane. Songarar og spelemenn har tydeleg påverka kvarandre. Jonas Aasnes (1891 — 1969) frå Fjaler, er ei av dei rikare kjeldene når det gjeld slåttestev. Han hadde også mange barnsullar, kjømeistarviser o.a. Slåttesteva vitnar om at spelemenn og songarar har fått påverknad frå mange stader, gjennom kramkarar, handels- og marknadsferder o.l.

Voggeviser og bårsullar finst det og eit rikt utval av i det innsamla folkemusikkstoffet frå Sunnfjord. Dei ulike variantane frå bygdelag til bygdelag, ja endåtil frå gard til gard, syner at visene har vore mykje brukte, tilpassa det lokale miljøet, og utforma etter utøvaren sitt lag og lynne. Ofte vart det vel improvisert på ståande fot både lokkar og voggesullar etter som det fall seg.

Mange av visene frå Sunnfjord har eit humoristisk preg som vitnar om ein sterk og livleg humor hjå folk på bygdene, trass i ei ofte streng og alvorsam kristentru. Slåttesteva og dei nyare bygdevisene kan vere både spitige og morosame. Eldre folk som kjenner dei lokale tilhøva, kan enno minnast bakgrunnen for bygdevisene.

Anna Karina Stang,

f. 1899, Stongfjorden i Askvoll.

Anna Stang er ein fin representant for det ein kan kalle barne- og gjetleviser. Kjelda hennar er bestefaren, Kristian Bendiksen Stubseid (1831 – 1908), som ho lærte av då ho var jentunge. Ho har ført tradisjonen vidare ved å syngje dei til sine born. Gunnar Stubseid gjorde opptak med Anna Stang, og mange av desse er gitt ut i bokform («Tippe, tippe tue». Red. Gunnar Stubseid, Norsk Folkeminnelag).

Anna Stang har nytta songane heime. Det var til husbruk, ikkje i lyd og lag sjølv om den klåre røysta godt tolde høyrast i offentlege samanhangar. Ho har vore husmor og bondekone. Det var fullt opp å gjere på eit lite gardsbruk. Songen har fylgt henne i arbeidet og gjer det framleis.



Anna Karina Stang.


Samuel Sandnes

(1890 – 1980), Jølster/Førde.

Samuel Sandnes er ein av representantane for kjømeistertradisjonen. Han vart fødd på garden Sandnes i Jølster. Han lærte tidleg å spele fele, men det er som songar han er mest kjend.

Sandnes gjekk lærarskolen i Volda og hadde lærarpost på Austlandet før han kom attende til Sunnfjord og slo seg ned i Førde. Her arbeidde han som lærar og seinare skuleinspektør i 40 år. Han skal ha vore ein mykje omtykt lærar.

Han dreiv elles aktivt innanfor musikklivet i kommunen. Sandnes var klokkar i Førde kyrkje og dirigerte songkor m.a. Han var ein etterspurd kjømeister og ein flink forteljar. Arne Bjørndal gjorde opptak med Sandnes i 1950-åra. Ein del av stoffet han sat inne med er såleis teke vare på i Bjørndal sine samlingar.



Samuel Sandnes (Foto: Firda).

Jakob Sande,

(1906 – 1967), Fjaler.

Sunnfjord-diktaren Jakob Sande har vore nærmast for folke-eige å rekne over store delar av landet, men meir enn andre stader på Vestlandet og i Sogn og Fjordane. Han vaks opp i Dale der faren var lærar og klokkar og føregangsmann m.a. som ordførar i Fjaler. Heimen var frisinna og liberal etter den tids målestokk.

Sande byrja å skrive dikt tidleg. Etter mellomskule og gymnas drog han til Oslo for å studere. Sande var til sjøs ei tid før han slo seg til ro som lektor ved gymnas i Fredrikstad og Oslo. Han debuterte med diktsamlinga «Svarte næter» i 1929. Seinare kom mange diktsamlingar som avspegla ein diktar med stor spennvidde. Det er sagt at Jakob Sande har fått fram det mest nyanserte biletet som nokon gong er teikna av den vestnorske folkesjela.

Alt er med, skriv diktaren Norvald Tveit i sin Sande-biografi: «Humoren og fliren, spotten og galgenhumoren, råskapen og brutaliteten, og mørketankane, mystisismen og døds lengten, naturkjensle og helvetesangst, hatet og opprøret mot den lagnad å vere eit Guds stebarn på jorda, avmakta og faenskapen og trua på Jesus Kristus.»

Mange har sett tonar til dikta av Jakob Sande. Den mest kjende er Geirr Tveitt. Sande spelte og song sjølv og har laga melodiar til eigne dikt. Den folkelege forma hans har nådd eit stort publikum og kan på sett og vis seiast å vere ei vidareføring av songtradisjon som har levd på folkemunne.

TALE VED KLENG SPELEMANNNS GRAV

Det vart sagt at predikantane som preika på di grav,
at di sjel var til Svartemannen seld,
at frå helvete kom ho, og dit drog ho av,
då du sturta i fylla ein kveld.

Det vart vidare sagt at du var tru i ditt kall,
og for herren din ein nytteleg dreng.
Mange urøynde sjeler kom i freisting og fall,
når du spela burti bygdene, Kleng.

Kvar du kom med dine tølør vart det turing og dans,
folk var ville so dei rasa og drog kniv,
mange ei gjente har du spela reint frå samling og sans,
so ho skjemde seg for resten av sitt liv.

Og dei syndene som gamlepresten basta og batt,
etter Herren heile livet å ha tent,
slapp du laus att over bygda på ei einaste natt,
når du fingra på ditt satans instrument.

Difor fekk du over gravi det førdømande ord,
som vart sagt av ein velvyrd predikant,
at det var synd du skulde kvila her i kyrkjeveigd jord,
og dei fleste sa at preikaren sa sant.

Men dei dømde deg som dårar dei som lyste deg i bann,
for du åtte det som ingen av dei såg,
det var gneisten frå Gud som djupt i sjela di brann,
sjølv um slagget over logane låg.

Du skal siga gjenom brådjup av trengsel og natt,
du skal slipast imot gloande stein,
men frå pinsla nedi myrkret skal du lyfta deg att,
imot høgden, frigjord og rein.

Og eingong skal du standa for Guds heilage stol,
der pány du skal få stilla din streng,
og i æveleg glans ifrå den nyskapte sol,
skal du spela for Meisteren, Kleng.

ANDRE OPPLYSNINGAR.

Dei som har skrive om tradisjonar, kjelder og slåttar på dette innlegget, er Sigmund Eikås, Bjarte Øvrebø, Hilde Bjørkum og Jostein Aardal. Noko kan de finne meir om i bøker og hefte, men mykje er frå munnlege kjelder. Forkortinga UBB under bilete står for Universitetsbiblioteket i Bergen.

Sats: Tore Fossen, Firda.

Montasje: Tore Fossen / Jostein Aardal.